

Elin og Henry Fanebust  
Lindåsvegen 2088, 5955 Lindås

Våge, 16.09.2021

Alver kommune, Miljø og tilsyn v/Eirik Berntsen

kopi til:

Byggesaksavd. v/Are Grande

Landbruksavd. v/ Laila Bjørge

Statsforvaltaren i Vestland v/Christian Rekkedal, landbruksdirektør

### **Spørsmål til Alver kommune etter synfaringa 01.09.2021 på gbnr. 99/4, Våge**

Vi reagerte veldig på at kommunen aktivt unngjekk synfaring av dei ulovlege einskild-tiltaka i LNF-område på 99/4 denne dagen (jfr. Plan- og bygningsloven § 20-1, bokstav k og §25-1), og har i samband med dette nokre spørsmål til kommunen som vi ønskjer heilt konkrete svar på.

1. Hadde 99/4 løyve til avgraving av meir enn 8 mål samanhengande matjord i LNF-område?
2. Hadde 99/4 løyve til å skyte ned 6 m djupt på grensa til 99/1 over fleire lengdemeter aug. 2020? (NB: hadde ingen ting med landbruksvei å gjere)
3. Hadde 99/4 løyve til å skyte ned 3 m på grensa inne i tunet i fleire lengdemeter, også dette aug. 2020? (NB: hadde ingen ting med landbruksvei å gjere)
4. Hadde altså 99/4 løyve til totalt meir enn hundre meter samanhengde nedskyting **på** grensa til 99/1, varierende djupne mellom 3 og 6 meter i aug. 2020?
5. Hadde 99/4 løyve til å skyte ut meir enn 20.000 m<sup>3</sup> stein på innmarka si i LNF-område?
6. Hadde 99/4 løyve til å utradere eit samanhengande kulturlandskap med original, vakker landskaps-kurvatur over 8 mål?
7. Hadde 99/4 løyve til å bygge opp eit 8 mål stort, komprimert steinplatå på tidlegare innmark i LNF-område?
8. Hadde 99/4 løyve til samanhengande terreng-heving over fleire mål i tunet, heilt inntil/og på grensa mot 99/1? (vesentlege deler av platå heva meir enn 3 meter)
9. Hadde 99/4 løyve til, som del av dette, å anlegge oppbygd jordvoll på og delvis over grensa til 99/1 i tunet?
10. Har 99/4 løyve til å byggje opp 5 meter høge, dominerande (og skjemma) steinmurar i eit samanhengande, nær hundre meter langt strekk inne i LNF-område?
11. Har 99/4 løyve til dei faktiske enorme avvika i forhold til gitt løyve, både m.o.t. plassering og storleik, på den del av landbruksveg som hittil er anlagt?
12. Har 99/4 ein stillteiane avtale med Alver kommune om at dei fortløpande kan drive avgraving av matjord/oppmuring av platå, sidan dette skjer?

I mangel på synfaring av dei nemnde tiltaka ber vi om omgåande og **heilt konkrete svar** på spørsmåla ovanfor.

Med vennleg helsing  
Elin og Henry Fanebust

